



Christoffer Eugèn Edøy
Sævråsvegen 96
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/978 - 21/12355

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
24.02.2021

Vi treng fleire opplysningar til bestilling av førehandskonferanse/rettleiing - gbnr 100/5 Fjellsende

Tiltak: Førehandskonferanse
Byggjestad: Gbnr: 100/5
Tiltakshavar: Christoffer Eugèn Edøy

Viser til bestilling av førehandskonferanse for gbnr 100/5 Fjellsende, mottatt 30.01.2021. Sidan det er litt problematisk med fysiske møte for tida, vil eg tilby dykk, som alternativ, ei skriftleg rettleiing om søknadsprosessen, med anledning til å komma med tilleggsopplysningar og -spørsmål. Håpar det går bra.

Eg vil bruka standardmalen for referat frå førehandskonferanse og svara på dei spørsmåla du har sendt/sender inn.

Førespurnaden om førehandskonferanse inneheld ikkje nok dokumentasjon til at kommunen kan imøtekome førespurnaden.

De skriv «riving» og «nybygg» i skjemaet, og det er alt de opplyser om, utanom namn og adresser. Er det bustadhuset du vil riva, og erstatta med eit nytt?

For at vi skal kunna rettleia deg om saksbehandling må du senda inn vedlegg og opplysningar.

På kommunen si heimeside står det kva du må senda inn, og du sender det i Posten på papir eller til Alver kommune si e-postadresse post@alver.kommune.no :

Førehandskonferanse

Føremålet med ein førehandskonferanse er å avklare og diskutere føresetnadane for det aktuelle tiltaket og krav knytt til plangrunnlag, infrastruktur, lovverk og saksgang for søknaden. Førehandskonferansen skal sikre at du får den informasjonen du treng tidleg i planlegginga av byggeprosjektet.

Førehandskonferansen er å sjå på som ei gjensidig orientering om eit tiltak og er ikkje rettsleg bindande i høve vidare saksgang. Vi går ikkje gjennom søknaden din i møtet.

Det er viktig at du sender inn nødvendig informasjon om tiltaket i forkant av møtet, slik at kommunen kan få tilstrekkeleg kunnskap om tiltaket som er planlagt.

For at du skal få størst mogleg utbytte av møtet ber vi om at følgjande informasjon vert lagt ved førespurnaden:

- kva du skal byggje: kart, teikningar og skisser
- kor stort du skal byggje: høgd, breidd, areal
- kva du skal bruke byggverket til
- informasjon om korleis du tenkjer å løyse veg, vatn, kloakk
- spørsmåla du ønsker svar på i møtet

[Trykk her for å bestille førehandskonferanse.](#)

Vi ber om at etterspurt dokumentasjon vert sendt til oss seinast 17.3.2021. Viss ikkje blir saka avslutta utan vidare behandling.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Christoffer Eugèn Edøy

Sævråsvegen 96

5955 LINDÅS

Mottakarar:

Christoffer Eugèn Edøy

Sævråsvegen 96

5955 LINDÅS